



Levekårsutvalet

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2036 - 16/15065

Saksbehandlar:

Eileen M Feste

EMF@lindas.kommune.no

Dato:

06.06.2016

HØYRING; "Kvalitetsplan for oppvekst 2016-2028"

Levekårsutvalet gjorde vedtak i sak 30/16 «Kvalitetsplan for oppvekst 2016-2028»;

Kvalitetsplan for oppvekst 2016-2028 – Kommunedelplan gjeldande frå haust 2016 blir sendt på høyring. Høyringsperiode er sett til 30.april-11.juni 2016

Lindås ungdomsråd har hatt saka til behandling i møte 09.05.16 samt 02.06.16. I første møte deltok også kommunalsjef Kristin Moe, som presenterte planen.

Ungdomsrådet er glad for at Lindås kommune har utarbeid ei plan for oppvekst. Det er mange gode tiltak som er skissert i planen, og det er viktig at kommunestyret følgjer opp slik at planen vert realisert.

Mål

Hovudmål for arbeidet med kvalitetsplan er ««Trygge barn som deltar, meistrer og lærer»»,

Hovudsatsingsområder for Lindås kommune innan oppvekst er;

1. Trygg oppvekst i heim og nærmiljø
2. Trivsel, deltaking og medverknad
3. Meistring og læring for alle
4. Gode tilbod og tenester til alle

Høyringsuttale**Ungdomsrådet har følgjande merknader;**

Lindås kommune synar høge ambisjonar når det gjeld barn- og unges oppvekstkår. Det er derfor viktig at planen vert fylgt opp med nødvendige ressursar slik at tiltak vert realisert

Ungdomsrådet har det siste året hatt fokus på skulehelsetenesta i grunnskulen og rådgjevingstenesta i ungdomsskulen. Når det gjeldt skulehelsetenesta, kan ungdomsrådet konstatere at rådmann legg opp til å styrke dette feltet. Det er etter ungdomsrådet sitt syn,

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733



nødvendig for å møte utfordringar mange ungdom står ovanfor.

Rådgjevingstenesta på ungdomsskulen er også noko ungdomsrådet vil ha auka fokus på. Rådet ser svært positiv på at det er nedsett ei arbeidsgruppe som skal sjå på dagens ordning. Ungdomsrådet er invitert til å vere med prosjektet.

Ungdomsrådet er også svært positiv til at det skal tilsettas ungdomskoordinator. Ungdomsrådet har synespunkt på kva for oppgåve som må leggas til stillinga og ønskjer å vere med i prosessen. Det er også ønskeleg at leiar av rådet får vere med å intervjuje aktuelle kandidatar

Ungdomsrådet har drøfta konkrete tiltak som kjem fram i planen. Rådet stiller seg positiv til tiltaka, men har nokre punkt som rådet ønskjer å fremje som tillegg;

- Fadderordning på skolen for elever med flyktning bakgrunn
- Ungdomsrådet meiner at det må vere samanhengande gang- og sykkelveg nett i Lindås kommune. Dette må speglas i alle kommunale planar der barn/unge er målgruppe.
- Elevråd på skulene må styrkes. Ungdomsrådet ønskjer gjennomgåande representasjon mellom elevråd og ungdomsråd.
- Lesetilgang til ungdom og foreldre til «foreldreportal» i VISMA flyt skule. Ungdom ønskjer å halde seg oppdatert på eige utvikling
- Fleire arena for ungdom som ikkje trivst i vanleg skulekvardag. Treng alternativ til Opplæringsssenter og Seim gard. Ønskjer meir praktiske fag som alternativ
- «Arbeidsveke». Ungdomsrådet ønskjer å sjå på korleis «arbeidsveka» er organisert i samband med utgreiing av rådgjevingstenesta i ungdomsskulen.

Med helsing

Anette Andersen Sæbø
Leiar Ungdomsrådet

Eileen M Feste
Sekretær for ungdomsrådet

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Levekårsutvalet

Ungdomsrådet er glad for at Lindås kommune har utarbeid ei plan for oppvekst. Det er mange gode tiltak som er skissert i planen, og det er viktig at kommunestyre følgjer opp slik at planen vert realisert.

Mål

Hovudmål for arbeidet med kvalitetsplan er «*Trygge barn som deltar, meistrer og lærer*», Det er eit ambisiøst mål som krev fokus og ressursar for å få gjennomført.

Hovudsatsingsområder for Lindås kommune innan oppvekst er;

5. Trygg oppvekst i heim og nærmiljø
6. Trivsel, deltaking og medverknad
7. Meistring og læring for alle
8. Gode tilbod og tenester til alle

Høyringsuttale

Ungdomsrådet har følgjende merknader;

Lindås kommune synar høge ambisjonar når det gjeld barn- og unges oppvekstkår. Det er derfor viktig at planen vert følt opp med nødvendige ressursar slik at planen sett i verk

Tverrfaglig samarbeid: ein skal forholde seg til ei dør, og ikkje måtte «banke på fleire» for å få hjelp

| Viktig punkt er skulehelsetenesta

Tidlig innsats: nødvendige tiltak settas i gang så tidlig som mulig

Viktig punkt er skulehelsetenesta

Forslag til tiltak

- Fadderordning på skolen for elever med flyktning bakgrunn
- Gang- og sykkelvei som tiltak i ulike kommunale planer eks. Oppvekstplan, idrettsplan
- Elevråd må styrkes
- Lesetilgang til foreldreportal i VISMA flyt skule
- Fleire arena for ungdom som ikkje trivst i vanleg skulekvardag. Treng alternativ til Opplæringsssenter og Seim gard. Ønskjer meir praktiske fag som alternativ
- «Arbeidsveke»

Med helsing

Anette Andersen Sæbø
Leiar Ungdomsrådet

Eileen M Feste
kulturkonsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakrar:
Levekårsutvalet